

Oppdragsgiver: **Kvinnherad kommune**
Oppdragsnr.: **52305517** Dokumentnr.: **Q01**

Til: Kvinnherad kommune
Fra: Norconsult Norge AS
Dato 2024-04-15

► Følg brev rammesøknad for gnr/bnr: 143/3 - Grøn næringspark

Tiltakshavar, Kvinnherad kommune, søker med dette om løyve til tiltak etter pbl §20-1. Følgjande punkt inngår i søknaden:

- Ny veg
- Div. tekniske/VA installasjonar/infrastruktur i grunnen
- Nye kulvertar
- Div. støttemurar

Se vedlagte tegningar og kart for plassering og omfang. Det er tidligere gitt dispensasjon for omsøkt tiltak.

I prosjektet «veg og infrastruktur i Grøn Næringspark», er det detaljprosjektert 1306 meter med ny veg, gang-sykkelveg og infrastruktur frå parkeringsplassen til Hydro i sør, til avkøyrsla for Kvinnherad Miljøsentral SIM i nord.

I vedlagt tekening B101, er det vist total utstrekning for hovudvegen (veg 10000), ny avkøyrsl til Hydro (veg 22000), omlagt gang-sykkelveg ved Hydro (veg 70000), adkomstveg over Småoldebekken til Biogass-tomta (veg 20000), Snuplass ved LNG – stasjonen (veg 81000) og oppgradert avkøyrsl til kaien i nord (veg 21000).

Vegen er prosjektert etter Statens vegvesen handbok N100 og dimensjonert for modulvogntog med vegbreidde på 7,5 meter. Vegen har ein parallell grøntrabatt på 3 meter, gang-sykkelveg på 3 meter, grøfter og fylling/jordskråning mot sidetereng. I vedlagte F – teikningar er det vist normalprofil for fjellskjering, masseutskifting og omlagt bekk og kulvertkryssing.

I vedlagte C-teikningar (C101 og C102) er det vist kopling til eksisterande veg, 50 meter sør for innkøyringa til parkeringsplassen til Hydro. Det vert etablert ny avkøyrsl til Hydro som er tilpassa den nye veggen og som stettar krav til sikt og trafikktryggleik for gåande og syklende. Gang-sykkelvegen er trekt 5 meter inn i avkøyrsla for å oppnå eit trygt kryssingspunkt for mjuke trafikantar.

Frå parkeringsplassen til Hydro er det naudsynt med sprenging for etablering av den nye veggen. Utstrekning på sprengningsarbeid er på ca. 260 meter. Det er prosjektert grøntareal/fylling mot parkeringsplassen til Hydro med avgrensing til eks. asfaltkant. I nordre ende av parkeringsplassen vil fylling gå nokre meter inn på asfaltert areal, men dette påverkar ikkje parkeringsplassen og veggen som omkransar parkeringsplassen (sjå C101).

Frå parti med sprenging, er veggen prosjektert på eksisterande terreng med mindre fyllingar mot vest og jordskråning mot aust.

Frå pelnummer 950 til 1100 er veggen lagt rundt eksisterande massetipp med jordskjering mot vest. I dette området vert det utført masseutskifting for ny veg og lagt om bekkeløpet for Småoldebekken, ca. 8 meter mot aust.

Det vert utført naudsynte erosjon – og plastringstiltak for omlagt bekkenedløp mot kulvert-kryssinga i pel 1110 og 1180 (kryssing til biogass-tomta). Kulvert og omlagt bekk er dimensjonert for 1000 års-flaum med klimapåslag.

Veg og gang-sykkelveg vert sikra med brurekkverk og gang-sykkelveg-rekkverk over kulvert.

Notat

Oppdragsgiver: **Kvinnherad kommune**

Oppdragsnr.: **52305517** Dokumentnr.: **Q01**

Vegen er vidare prosjektert på eksisterande vegareal mellom pelnummer 1260 og 1566. For å redusera inngrep i Småolderbekken, er grøntrabatten redusert frå 3 til 1,5 meter frå pelnummer 1150 og erstatta med betongkantstein frå pelnummer 1370.

Ved avkøyrsla til Kvinnherad Miljøsentral SIM, er veg og gang-sykkelveg avslutta og tilpassa eksisterande vegbreidde.

Det er prosjektert snuplass for vogntog ved LNG – stasjonen. Snuplassen nyttar eksisterande asfaltert areal og vert utvida mot sør med jordskjering til sidetereng. Tiltaket er prosjektert for å unngå rygging over gang-sykkelvegen.

Infrastruktur som skal leggjast i bakken er vist i normalprofil (F-teikningar) og i vedlagte planteikningar for VA og elektro.

01	2024-04-15	Følgerev rammesøknad	EivAke	Wso	LiE
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.